

sabbe-føre n [til *II sabba*] tungt, vått (vinter)føre med mykje snø el slaps (Folldal, Lier, Sømna).

sans m [A u sansa; gj fr, frå lat *sensus* 'kjensle' (T)] **1** evne til å sansa (1a): *me hev 5 sansar: kjensle, smak, lukt, høyrslø og syn* (Holms.StrømNF 133) / *han har korkje ans eller sans* (A¹) / *likam og sjel, augo, øyro og alle lemer, vit og alle sansar* (RisteForkl 27) / *vera ved sine fulle fem* (sansar); sjå *II fem* // **sjette sans** evne til å sansa utanom dei vanlege sansorgan; aning (1); intuisjon: *han må ha hatt ein sjette sans for etymologi*. Det var som han lukta samanhengar (DT 2001); òg i sms som *kjensle-, lukte-sans*. **2** skjøn, forståing; interesse (2a): *der er ein merkjelig sans i den bygd for norskdom i mål og politik* (Dølen 1869,23,4,3) / *det norske folket har utvikla ein sermerkt musikalisk sans* (Egg, NM 23) / *ho ser ut til å vere intelligent*. Då vil ho kanskje ha sans for utdanning (R. SagenMG 55); òg i sms som *farge-, form-, mål-sans*. **3** medvit (1); sinn, fornuft: *han* (bonden) *taler ut den sunne sans* (Vi. SkrS IL,188) / *trygg i sans og samvit* (AustbøFH 107) / **stirande inn i den sylvblå glans, Veslemøy stend utan hugs og sans* (Ga. V,43) / *rørt i sansen sinnsforvirra* (Skjold) // i samb **sans og samling** medvit, vit: *vanlegvis drakk han seg frå sans og samling* (I. MoenUK 12) / *heile tidi kan patienten kjenna seg bra og vera ved full sans og samling* (GulaT 1935) / **å eg sko kvea fe deg so fort, at sans og samling sko gange bort* (StevNF 219). **4** minne, hugs (Holla); jfr *sansa* 2. **5** i samb **sjuande sans** lommealmanakk: (Almanakkforlaget har) *vedteke å gje ut lommekalendaren "Den 7de Sans" på både mål* (NorskT 1952).

II sist adj [A¹ siste, A² sidst; e skr sidst; målvf òg si:st (InFj, Volda, Hemne), sest (Nissedal, Vanylven, Horg, Budal), se:st (Rindal, Oppdal); bf sg (den) sistin (Os i Ød, Ndm, Trl); bf pl (dei) sistan (Trl); norr. *sida(r)str*; jfr III sist] i bf (i tyd 2c òg i ubf), ofte utan føreset art., stundom etter ub art.; mfr IV fyrst. **1 a** som høyrer til, utgjer det som kjem som ei endeleg avslutning (av ein tidsperiode, ein utviklingsgang, ei rekkje av hendingar el l); som (i ei rekkje(fylgje)) kjem etter alle andre av same slaget: *siste dagen, siste gongen* (A²) / *siste gifta* den siste ektemaken (A¹) / *siste barnet vart eingut* (OppdalDon.) / *han var med dei siste som kom* (A²) / (stemma vart) *haldi siste syndag i august* (NFL70Va 90) / *heklinga ? var siste akt i reissjering av linet* (ÅrbGlåm 1970,79) / *han* (kjem) *for seint til siste bussen* (Sundl. TB 122) / *den siste ruta til høre er tom* (SS 1992,376) / *siste par ut*; sjå *I par 1b* // med till. som fastset nærmare plassering bakanfrå: *hovudtrykket ? blir realisert på den nest siste stavinga i ordet* (InnFLingv 225); jfr VIII nest 4 / *teknisk etat på Voss hamnar på fjerde siste plass i ei serviceundersøking* (Hordaland 2010) // subst bf n, med referanse til nyss avslutta hending; *ho elska meg*. Det var det siste ho sa, før ho steig om bord i snøggåten (Tok. Folg. T 18) / *han* (tok) *tvikuten oppetter lia*; og det var det siste dei såg han (Hålovgm 1929,26). **b** som gjeld, høyrer til slutten på livet: *når ljosi sloknar siste kveld, ? me jolefest i himlen held* (NSalm 84,7) / **inn i siste svevn meg eigong huggar dei gamle minni og dei gamle skuggar* (Vi. SkrS V,157) / (mange) *fann siste kvila si mellom holmar og skjær under fiske* (Krekl. FiskNTrl 149) / *oppsyns mannen* (drog) *sitt siste sukk og døydde* (Farbr. TN 46) / *spørsmåla om liv og død og dei siste ting* (er) *nokså vanskelege saker* (SS 1993,4) / *ei siste helsing ved båra* (KollegenTJ 68) / *siste andedrag, ferd, nattevakt, olje, reis, stund, time, vilje*; sjå

andedrag 1b, I ferd 1a, nattevakt 1, olje 1c, III reis 1a, stund, time og vilje // òg overf. om noko som er i ferd med å ta slutt el forsvinna heilt: *siste farvel med konebilen* (Hordaland 2008) / *gå i siste dagane* (Lof) vera heilt i slutten av svangerskapet; jfr III sist 1c / *syngja på siste verset*; sjå *vers* / *siste krampetrekningane*; sjå *krampetrekning 2* // subst bf n, (på) slutten av ein tidbol el livet: *vi hadde hest det siste* (Tune) / *Kjetill fekk so tung ei sorg det siste han livde* (GOS I,74) / *han gjekk i barn dømet det siste* (GOS II,181) / **eg er tungsam og spyrrja meg må: tru det er det siste?* (Vi. SkrS V,148) // **på det siste** i tyd 1 og 2 òg med pron sitt 1 (serl med v liggja) på dødslegjet: *han låg på sitt siste* (A²) / *ho snakka på sitt siste om alt det Anders såg* (Du. BA 19). 2 (med andre v) mot slutten, enden: *det leid på det siste med dei* (NFL14Lind 118) / *nokre talglvs brenn på sitt siste* (Belsv. IDL 81). 3 sj, (med v vera) nær på, så vidt (R. MoGG 90): *ho vart no så glad det var på det siste ho ikkje la til å ropa* (NFL54Sa 79). 4 i e mål, i det siste (sjå tyd 2b). **c** serl red, som gjeld, høyrer til slutten på verda (før domedag): *eg skal vekkjja honom upp att på den siste dag* (Joh 6,44) / *i dei siste dagar skal det koma vande tider* (2. Tim 3,1) / *uvørsbronsone før ? med dun og dunder ? so ein kunde tru det var på heimens siste tider* (Tv. R 128). **d** som utgjer, høyrer til ein minkande del av noko: *siste luten* (A¹) / *hadde Bull ei god kjelde, vart ho nytta til siste resten* (ÅrbGlåm 1949,85) / *samfunnet skulle stå som eit siste vern mot naud* (FurreNHI 443) / (han) *prøvde med sine siste krefter å come ut or senga* (UlsteinH 107) / (ho) *brukte sine siste slantar på å få mannen i jorda* (KjølåsGLS 202) / *no hadde han brukt opp det siste av motstand* (Ves. T 276) / *ftru: vart siste kornbandet stort, vart det rikt kornår neste år* (NFL29Jordbr 11) / *kjempa, slåst til siste mann så lenge som mogeleg* / *den siste mohikan*; sjå *mohikan* / (til) *siste* (blods) *drope*; sjå *blodsdrope 1* og *I drope 1c* // subst bf n til **det siste** i så gode som mogeleg; til ytste grense: *dei ? utnyttja dagslyset til det siste* (Firda 2001) / *du står på ditt til det siste* (E. Hoem-GBHI,205). 2 til slutten av ein bestemt tidbol; fram til no nyleg: *denne festningi hev leve til det sidste vord haldi i forsvarsstand* (Fedrah 1878) / *i kommunestyret var utfallet usikkert heilt til det siste* (Hallingd 2007). 3 til døden nærmar seg: *Janson var ung i hugen til det siste* (Up. ODD 27) / *ho var frisk og arbeidsfør ? heilt til det siste* (A. Bj. SV 340). **e** subst med b art, den nærmast føregående av to (el fleire) omtala personar el tilhøve; sistnemnd: *folk var* (svære) *til at drikka vin og øl og serleg det sidste* (JansonDB 89) / *den siste er adm. direktør* (FanaSpb 37). **2 a** nærmast føregående; førre (2): *takk for siste gongen el siste laget* (A²) / *det var så mangt eg gløynde å fortelje deg i siste brevet mitt* (A. NordalJ 344) / *under siste stormen* (fekkt dei) *øydelagt kranen dei har på kaien* (Strilen 1983) / *den siste boka mi ? er den beste eg har skrivre* (SS 2000,2,84). **b** om tidsrom: *handelslaget har tent tvo og tretti tusen siste året* (E. MoenJS 43) / *Nesbyen har vore den varmaste staden i landet dei siste 50 åra* (Hallingd 2009) / *dei mange ting, som folk hava funnet på i dei siste tiderna* (A. I,200) i det siste // subst bf n i **det siste** (i e mål òg med prep på) i den seinare tida: **det har vore skralt med han i det siste* (O. H. HaugeDS 109) / *no i det siste har det sett ut som ho har fått ny interesse for han* (R. SagenMG 55) / *bjørnen hev voret leid her no på det sidste* (Fedrah 1878). **c** no mest i ubf, om tidspunkt: *sist tysdag, sist veke, sist vinter, sist påske* / **sidste laurdags-*

kvelden var han atter her (A. I,152) / *badelivet blomstra siste helg* (Driva 1982) / *regnet sist helg har betra stoda* (GulaT 1987) // *til subst som ikkje primært har tids-tyd: under sist kommunestyremøte vart det vedteke fleire kutt* (Hallingd 2009) / *eg fann to patronhylser etter sist hjortejakt* (Strilen 1986) // (om dag el årstid) *nest siste; førre (3): sist sundag sagt dei fyrste par dagane etter ein søndag. 3 med attåt-tyd som gjeld kvalitet el avgjerande verknad, såleis a dårlegast i makt, rang, kvalitet; mfr IV fyrst 5: mange av dei fyrste skal vera dei siste, og mange av dei siste dei fyrste* (Mat 19,30) / (dei) *bur i dei stusslegaste hyttene, raske i hop av elendig tømmer og siste sortering plank* (KolloenTJ 93) / *siste sort; sjå sort. b avsluttande og avgjerande: *siste bandet skal av fangen detta* (A. I,69) / *du er der ikkje Gud, eg har bedi for siste gong* (HøydaS 70) / *den vitenskaplege rasjonalitet er vårt siste haldepunkt når det gjeld spørsmålet om kva som er sant og usant* (Dagbl 1989) / *han ombestemt seg i siste sekund* (Austig.TB 108) / *i siste augneblink(en); sjå augneblink 2 / i siste liten; sjå I lit 1 / i sin siste grunn; sjå I grunn 8b / i siste instans; sjå instans 2 / leggja siste hand på verket; sjå hand 2b / få, ha siste ordet; sjå ord 2a / siste stikk; sjå stikk. c nyast og mest moderne: lakkstylingar og dyre klæde etter siste mote* (Up.K 334) / *ein ny firefelts motorveg der bilar av siste modell kan kjøra i 90 km i timen* (FlogstadDP 61) / *siste nytt; sjå IV ny 4 / siste skrik; sjå I skrik // subst bf n: hæven vart oppdatert på bruk av det siste innanfor? vǎpenteknologi* (SS 1999,23). **d** (om handling) som det minst (av alt) kan vera tale om; (om person) som det er minst aktuelt for (å gjera eitkv): *det siste han vilde, det var å bli nemnt i møte og forsamling* (Forsb.DSS 99) / *når folk tykte det var synd so var han den siste som vilde gjere det* (Barm.MGH 69) / *om eg drakk meg full, er vel du den siste til å laste meg for det* (Skag.HR 140).

II skalla v -a [målfg og skæ(i)lle (Eidsvoll, Eidskog, Stange, Ringsaker, YRendal, ØToten, Hedrum), *skadla* (Forsand); til *I skalle*] **1** støyta, stanga (nokon) med panna (i raseri): *han rista han av seg, men den andre skalla under bringa, så Harald raga* (Du.H 100) / *tiltalte? skalla mannen så han gjekk i bakken* (Firda 2001) // i samb **skalla ned** støyta nokon så hardt i hovudet med panna at han el ho går over ende: *valdrisen vart som ventande var rasande og tok til å skalle ned halling etter halling* (Solh.Sr 567) / *to studentar fortalde at dei utan grunn hadde blitt skalla ned av hovudtiltalte* (Firda 2001). **2** støyta, stanga panna (el hovudet) i noko (så ein får vondt): (ho) *skalla bakhovudet i steingolvet og vart liggjande med kvitt andlet og lukka auge* (DT 2001) / overf: *vanlege folk og lokalpolitikarar skallar hovudet i byråkrativveggen* (Hallingd 2003) *kjem ingen veg med saka si // i samb skalla oppi slå, dunka panna el hovudet i noko over ein, t d tak, dørkarm: han var så høg Mikal, at han skalla oppi bjelken* (Forsand) / *i stavkyrkjene er opningen så høg at ingen kan skalla oppi* (BergNTM I,104). **3** (om båt) *stampa i motsjø* (Nesna, Senja). **4** idr, (i forball) *støyta, spela ballen med hovudet; heada, nikka* (2): *han skalla til slutt inn sigers-målet* (DT 2001). **ski-fell m** helst i pl, pelskledd(e) remse(r) til å leggja under skia til feste i bratte motbakkar (NordliF 83): *du får god glid sjølv om du går med skifellar* (Hordaland 2010).

skira v -a [Sfj1646 *skijre*, Stav1698 10, IS017-, L, F 128, Lom1743 *skijrø*, Os i Hl1743, S01743, Norddal1743 u

skira et barn, P, Snm1762 I,529, W scire, VSO, H, Snm-1810, C, ÅHlH01844 *skijre*, VigOrdl u *lutre*, A, R; målf og *sjyre* (YRendal); ft -te (Shl, Vanylven, Sande på Snm), -de (Valle, Kvinnherad, Hard); norr. *skira*] **1 a** klåra (2a), reinsa (serl vêske) (for grums) (ofte ved at ein tømmer vêska varsamt frå eit kar over i eit anna) (IS017-; W; VSO; H; C; VigOrdl; A; R; YRendal, Nissedal, Valle, Shl, Ullensvang, Voss, Norddal, Vestnes, Singsås); jfr *skirna 1: skira kaffien* (YRendal, Nissedal, Ullensvang, Norddal, Singsås) / *før bruka vi fiskeskinn til å skira kaffien med* (Nissedal) / *skira øl* (Vestnes) / *skira lut* (Valle) / *eg vil berre skira kjêlen, so kjem eg* (Tv.BP 188) / *ho kremta og skira halsen* (Kvinnherad) / *skira av rømmen skilja rømmen frå mjølka* (Tel R). **b** òg med adv av, tøma vêske (serl vatn ein har koka potet el fisk i) (varsamt) ut av eit kar (Snm1810; SSm): *ta gryta og skira av potetsodet* (Sande på Snm). **2 a** døyppa (1) (og gje namn) (Sfj1646; Stav1698; IS017-; L; F; Lom1743; Os i Hl1743; S01743; Norddal1743; P; Snm1762; VSO; H; C; Skjåk, Lom, Bykle, Hard A, Voss A; Niels. Hall 121): *so lenge barnet ikkje var skirt, måtte der heller ikkje slokne på gruva* (Be.VR II,51) / *jonsokdagen i 1830 fødte ho ei dotter, som vart skird Gunnhild etter farmori* (Be.My 13) / *eg trur vi lyt skira deg om t d fordi namnet er uhøveleg* (Valle) // fp: *ain skira gut sette se årstenest hjå ein jutull* (Niels. Hall 34). **b** gje namn til dyr (i ein seremoni som liknar væp på skjærtorsdag) (W; H; ÅHlH01844; Valle; Be.VR II,45; AlverDM 158): *skirtorsdagen skirde dei kidungar og lømb. Dei auste vatn på hovudet og gav dei nônn* (BøHM 64) / *skjertorsdagen skirde eller kristna dei kalvane* (Flat.S 375). **3** overf. **a** reinsa (3); *lutra* (II): **skir i kvite logar viljen rein* (I.K.Sandsd. IS 47) / *det er bøn i ei blank tåra, og ho skirer hjarta* (Tv.DJ 268). **b** gjera el bli klårare: *tobakken hev den myndi, at han skirar tanke og syn* (SveinU 1870) / *wergelandstankarne? måtte leggja og skira og klåra seg og veksa seg sterkare* (ByBygd III,141). **4** refl, fylgt av adv ut, skilja seg ut (Hard R, So R).

skit-ord adj [Stav1698 *schidort*, L *skit-ort*, A¹ *skitørt u skit n*, A² u *skit n*, R *skitørt u skit n*] som fer med skitord; spitig, ironisk (Dal ofl R, Jr, Shl, Selje, Breim, Snm A): *han var ordhitten og kunde vera felt skitord, helst når han hadde fenge litt i hovudet* (NFL26Rog 112).

IV skjør n [Trh1700 *skjørp*, L, F 121, Lom1743, Nhl1750, Ndm1760, Snm1762 I,548 og 550, Seljord1786 193, VSO, H, Lof1807, VTel1821 70, C, FayeD1840 u *melk* (sur), Asbj.NHE1845-70 *skyr*, VigOrdl u *sur melk*, A *skyr*; målf og *sjør* (Buvik, Melhus, Røros, Rødøy, Sa, Borge i Lof, Bø i Vstrål, STrs), *sjør, sjør* (Roms sumst, Ndm mst, Hemne, Snillfjord, Orkd, Oppdal, Flå i STrl, Budal, Singsås), *sjyr* (Rauland, Valle, Eiken, Jr, Hl, YSo, Vik, Snm), *sjur* (Balestrand, Leikanger), *sjår* (Snåsa); genus m (Forsand); f (Hjartdal, Suldal, Byneset); norr. *skyr*] **1** matst, tjukk, laupen (2) mjølk; surmjølk (Trh1700; L; F; Lom1743; Nhl1750; Ndm-1760; Snm1762; Seljord1786; VSO; H; Lof1807; VTel-1821; FayeD1840; Asbj.NHE1845-70; VigOrdl; A; NGbr, Fron, Tinn, Hjartdal, Rauland, Valle, Eiken, Vestl, Trl, No mst, STrs): *graut og skjør / det har komi skjør i kollene no* (SuldalsmS.Sandv. *skyr*) mjølka har surna ferdig / *hovudsaki i matlagingsi var graut, flatbrød, skyr, og noko røykjekjøtt, sild og fisk* (Gj.åkerAB 64) / ordt: *ho kinna skjør og venta smør, men rømmen hadde ho eti for* (jfr NFL89Ordt 310; ÅrbFos 1982,106 og 1997,28) det

II skodda

blir ikkje smør av oppeten rømme, dvs ein skal ikkje ta (for seg av) gledene på forskot // **i skjør** i surna tilstand (Suldal, Sa, Borge i Lof): *denne blåsure rennemjølka er ikkje drikkande før ho kjem i skjør* (SuldalsmS.Sandv. u blåsur) / *vi måtte kvelva ut all mjølka; ho var i skjør* (Sa-GB²) // **skjør og brød** (òg uttala som eitt ord) skjørsoll (Ndm sumst, Orkd); jfr *skjørbrød*: *spekeflesk med skjøråbrød* (Heimveg 1933,12,8); òg i sms som *lagge-, rømme-, tette-skjør*. **2** kinnemjøl (Bø i Vstrål; NLO).

II skodda

3 mjølkeliknande emne (i korn og nøtter) som lagar seg til kjerne (I,1); mjølke (I,3) (Valle, Vestl mst, Trl A, Hemne, Leksvik): *dei gamle kjende etter når skjøret i korna vart til merg; då var åkeren skjær* (Dalsfjord) / *det er berre skjør i dei nøttene er umogne* (Valle). **4** sæd (Leirfjord); sæd frå dyr (A²); jfr *kukskjør* og *pillskjør*.
II **skodda v-a** laga seg skodde (I,1a); skya (II) (over, til) (Jr sumst, Bodin): *det skoddar opp, over*.